

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.10.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Torunn Nilsen
SAKA GJELD: **Vurdering av behov for nye lokalar til Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2020/871
STYRESAK: **116/20**

STYREMØTE: **04.11. 2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

Det er starta eit arbeid for å vurdere om Helse Vest RHF skal flytte i nye/andre lokalar. Kontrakten på noverande lokalar går ut i august 2024. Helse Vest RHF har hatt sitt hovudkontor på Forus sidan etableringa i 2001. Ei lokalisering nærare kollektivknutepunkt og Stavanger sentrum er vurdert som eit viktig kriterium om Helse Vest RHF skal flytte hovudkontoret sitt. Uansett om ein skal bli på Forus eller flytte så er det viktig å starte prosessen i god tid.

Det er etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar frå alle avdelingar og verneombod. Arbeidsgruppa har hatt sitt første møte. Arbeidsgruppa har til no valt ut nokre nye lokalar i Stavanger sentrum som kan vere aktuelle, som ein vil sjå nærare på.

Det blir no etablert prosessar med hjelp av ekstern bistand for å sjå på følgande spørsmål:

- Kva vil vi? (Basert på strategi og mål)
- Korleis skal vi arbeide i saman?
- Korleis skal vi utforme kontorlokala? (funksjons- og romprogram)

Det blir no etablert prosessar med arbeidsgruppa og utvida leiargruppe for vidare vurderingar og forankring.

Proessen med eventuell beslutning om ein skal arbeide vidare med planar om flytting vil bli gjennomført i perioden november 2020 – januar 2021.